



2.1.5

Rettleiing for forslagsstillarar – alternativ liste

Val av sokneråd

Ti røysteføre kyrkjemedlemmer kan gå saman om å stille eige listeforslag ved soknerådsvalet. Kravet er at det er minst ti røysteføre forslagsstillarar. Slike listeforslag må oppfylle krava til kandidatlistar i *Reglar for val av sokneråd (sr) § 7-1*.

Dersom forslagsstillarane representerer eller utgjer ei gruppe med eit bestemt namn, kan namnet på gruppa stå som overskrift på listeforslaget.

Dersom det blir fremja listeforslag i tillegg til lista frå nominasjonskomiteen, blir valet halde som forholdstalsval.

Forslagsstillarar

Kvart listeforslag skal underskrivast av minst ti røysteføre forslagsstillarar, jf. sr § 7-1 b.

Eit forslag til kandidatliste kan ikkje ha forslagsstillar felles med andre forslag.

Dersom ein forslagsstillar står bak fleire lister, må forslagsstillaren innan ein fastsett frist melde frå kva kandidatliste vedkomande vel å stå som forslagsstillar til. Dersom forslagsstillaren ikkje svarer, blir namnet stroke frå lista over forslagsstillarar på alle listene, jf. sr § 7-3.

Forslagsstillarane må sjølve syte for

- å spørje kandidatar (nytt i år er at det blir stilt krav om at kandidatane er blitt spurde før dei kan setjast opp på lista)
- å setje opp ei kandidatliste med tilstrekkeleg mange kandidatar (talet på medlemmer i soknerådet er minimum – det doble talet av medlemmer + varamedlemmer er maksimum)
- å skaffe til veges dei opplysningane om kandidatane som er nødvendige på kandidatlista og til presentasjon av kandidatane, og dessutan bilete av kandidatane
- å gjere den endelege prioriteringa på lista
- å velje ein tillitsvald for lista som tek seg av kontakten med soknerådet om listeforslaget
- å overlevere kandidatlista og opplysningane om kandidatane til leiaren i soknerådet innan 1. mai 2015

Talet på kandidatar ved forholdstalsval

Ved forholdstalsval skal det stå minst så mange namn på lista som det skal veljast medlemmer til soknerådet, jf. sr § 7-1 andre ledd.

Talet på medlemmer som skal veljast	4	6	8	10
Minste tal på kandidatar (faste medl.)	4	6	8	10
Maksimalt tal på kandidatar (det doble av talet på medlemmer + varamedlemmer)	18	22	26	30

Der kyrkjelyden er med i forsøk med samanslåtte sokneråd, kan det vere fastsett eit anna tal på medlemmer og varamedlemmer som skal veljast frå kvart sokn.

Krav til kandidatlistar

Forslag til kandidatlistar

- a) skal vere komne inn til leiaren i valstyret seinast 1. mai i valåret
- b) skal vere eigenhendig underskrivne av minst ti røysteføre forslagsstillarar
- c) skal tydeleg oppgi
 - kva val det gjeld, med namn på sokn og opplysningar om valdagar
 - namna på forslagsstillarane, og eventuelt namnet på gruppa som overskrift før namna på kandidatane
- d) skal ha oppgitt ein tillitsvald blant forslagsstillarane som valstyret kan vende seg til ved forhandlingar om listeforslaget
- e) skal ha førespurde kandidatar oppførte med fullt namn og alder, og – i den grad det er ønskeleg eller nødvendig for å unngå forveksling – med adresse og yrke/stilling
- f) bør ha minst 40 prosent representasjon av kvart kjønn blant dei føreslåtte kandidatane på kvar liste
- g) skal vere sette opp i prioritert rekkjefølgje
- h) bør ha minst 20 prosent representasjon av kandidatar under 30 år (sr § 7-1 a–h)

- Alternative lister skal minst ha så mange kandidatar som det skal veljast faste medlemmer (sr § 7-1 andre ledd).
- Som vedlegg til kandidatlista skal det følgje opplysningar om fødselsdatoen til kandidatane og kontaktinformasjon (sr § 7-1 tredje ledd).
- Ein forslagsstillar kan stå som kandidat på den lista vedkomande er forslagsstillar til (sr § 7-1 fjerde ledd).
- Eit forslag til kandidatliste ved forholdstalsval må ikkje ha forslagsstillar eller kandidat felles med andre forslag (sr § 7-3 første ledd).
- Eit innlevert forslag til kandidatliste kan ikkje kallast tilbake (sr § 7-3 tredje ledd).

Til bokstav a): Fristen for innlevering av kandidatlistar er 1. mai 2015. Valstyret (soknerådet) skal deretter godkjenne listene innan 8. mai. Dersom lista frå nominasjonskomiteen ikkje har tilstrekkeleg mange kandidatar og det ikkje har kome inn andre lister skal det opnast for supplerande nominasjon, jf. sr § 7-6. Fristen er sett slik at alle lister skal vere klare i god tid før sommarferien, og slik at informasjon om kandidatane kan produserast og gjerast tilgjengeleg for veljarane før førehandsrøystinga tek til 10. august.

Til bokstav c): Namnet på dei ti forslagsstillarane skal stå som overskrift på kandidatlista over namna på kandidatane når lista blir levert til soknerådet. Namna på dei ti forslagsstillarane skal registrerast i eit eige felt i valmodulen. Det er ikkje eit regelfesta krav at namna på forslagsstillarane står på dei trykte røystesetlane, jf. sr § 8-3.

Til bokstav d): Blant forslagsstillarane skal det vere ein tillitsvald som kan vere kontaktperson for forslagsstillarane overfor valstyret (soknerådet).

Til bokstav e): Nytt ved kyrkjevalet i 2015 er at kandidatane skal vere spurde for å kunne først opp på lista. I tillegg til fullt namn skal kandidatane vere oppførte med alder. Dette blir rekna som nødvendig for at veljarane skal ha høve til å kunne røyste på ungdom under 30 år. På lista bør det også takast med opplysningar om bustaden – gatenamn eller grend og poststad – til kandidatane (ikkje fullstendig bustadadresse) og stilling/yrke. Det overordna siktemålet må vere at veljarane skal vite nok om kandidatane til å kunne vurdere kven dei vil røyste på.

Til bokstav f): Kyrkjemøtet har fleire gonger understreka at kandidatlista bør ha minst 40 prosent representasjon av begge kjønn. Ved valet i 2011 blei det valt inn 59 prosent kvinner og 41 prosent menn. Utfordringa kan vere å rekruttere tilstrekkeleg mange mannlege kandidatar.

Til bokstav g): Forslagsstillarane må gjere ei reell nominering og bli samde om kven som skal stå på dei ulike plassane, anten gjennom forhandlingar eller ved votering. Det er ikkje høve til å nytte alfabetiske lister ved val av sokneråd. Reglane for oppteljing inneber at kven som helst av kandidatane på lista kan bli vald inn. Det vil altså ikkje vere nokon «sikker» plass på lista. Det vil heller ikkje finnast såkalla «listefyll», i og med at berre nokre få tilleggsrøyster kan avgjere kven som kjem inn i soknerådet.

Til bokstav h): Kyrkjemøtet har understreka kor viktig det er at ungdom kjem med i kyrkjelege møte og råd, og har vedteke ei målsetjing om at minst 20 prosent av medlemmene bør vere under 30 år. Ved førre soknerådsval var det berre 7 prosent av dei valde medlemmene som var under 30 år. Denne prosenten bør aukast. Dette tilseier òg at ei valliste må innehalde informasjon om alderen til kandidatane (jf. bokstav e).

Det er ikkje noko til hinder for at ein forslagsstillar står som kandidat.

Rettleiande mål for nominasjonsarbeidet

- Å leggje grunnlaget for ei god samansetjing av soknerådet
- Å finne fram til kandidatar som kan gjere ein god jobb
- Å finne kandidatar som er villige til å ta på seg vervet

Kriterium for nominasjon til sokneråd

Forslagsstillarane bør ta omsyn til ei rad faktorar når dei skal setje opp kandidatlista:

- *Kjønnsfordeling* – minst 40 prosent av kvart kjønn
- *Aldersrepresentasjon* – spreiding i alder, kandidatar under 30 år (mål: 20 prosent)
- *ei rimeleg geografisk spreiding*
- *Personlege eigenskapar*; kandidatane bør ha eit alminnelig godt omdømme i kyrkjelyden
- *Ulik bakgrunn, erfaring og funksjonsevne*
- *Kontinuitet i soknerådet*. Ein bør prøve å få med nokre røynde medlemmer som er villige til å stille til attval. Ved førre val var ca. 75 prosent av medlemmene nye. Mykje verdifull erfaring går ofte tapt. Det er derfor eit mål å auke attvalsprosenten.
- *Kyrkjeleg og kyrkjepolitisk breidd*. At det blir levert alternative listeforslag, vil normalt i seg sjølv medverke til dette. Det er viktig at soknerådet avspeglar noko av breidda blant medlemmene. Eit einseitig samansett sokneråd, der alle er samde om det meste, gir gjerne for liten motstand og dynamikk i rådet.
- *Moglege leiaremne* (leiarkandidatar) bør ein òg ha for auge.
- *Kandidatar* som kan veljast inn som medlem(mer) i kyrkjeleg fellesråd. Erfaring frå lokalpolitikk kan her vere nyttig.

I kommunar med berre eitt sokn utøver soknerådet dei funksjonane som elles ligg til kyrkjeleg fellesråd, jf. kyrkje-lova § 5 andre ledd. Dei som i desse sokna blir valde inn i soknerådet, blir samtidig medlemmer av fellesrådet. Det er viktig at dei kandidatane som blir spurde om å stille til val, blir informerte om dette.

Det er ikkje noko i lova som er til hinder for at tilsette i kyrkjelyden kan stille til val, jf. kyrkjelova § 6 tredje og fjerde ledd. Tilsette kan såleis stå på ei liste og veljast inn i soknerådet.

Gi aktuelle kandidatar informasjon om kva vervet inneber

På nettsidene www.kyrkjevalet.no / www.kirkevalget.no ligg det forslag til ein vervebrosjyre som kan nyttast når aktuelle personar skal spørjast.

Dei fleste som blir spurde, har behov for kunnskap om kva eit slikt verv inneber, kva ein forpliktar seg til, kva som blir forventa av ein, kor ofte det blir halde møte, i kva grad det blir gitt møtgodtgjersle, osv.

Brosjyret teksten har ein generell karakter og må supplerast med informasjon om verksemda i den aktuelle kyrkjelyden og spesielle utfordringar i soknerådsarbeidet.

Innhente opplysningar om kandidatane til bruk ved presentasjonen

Forslagsstillerane innhentar opplysningar om kandidatane til bruk ved presentasjonen av kandidatane. Eit minimum er oppgitt i valreglane, sr § 7-1 e.

Det er laga eit skjema for innhenting av opplysningar om kandidatane som kan nyttast for å skaffe ytterlegare informasjon til presentasjonen av kandidatane. Det er ikkje eit regelfesta pålegg at kandidatane skal oppgi slik

informasjon, så det må vere opp til forslagsstillerane å bestemme om ein ønskjer å innhente informasjon, og eventuelt kor mykje, og det må vere opp til kandidatane å bestemme kor mykje informasjon dei ønskjer å oppgi.

Det er også utarbeidd eit standardskjema for innlevering av listeforslag.

Begge skjema,

- Skjema 2.1.4 *Skjema for innhenting av opplysningar om kandidatane (SR)*
- Skjema 2.1.5 *Skjema for listeforslag (SR)*

kan lastast ned frå www.kyrkjevalet.no / www.kirkevalget.no.

Forslagsstillerane kan også formulere eit eventuelt program for lista.